

## Årsmelding 2015 Foreininga Veteranbåtlag Atløy

Styret har etter årsmøte følgjande styresamansetning:

Leiar:	Rolf Grønnevik
Medlemmer:	Sander Ødelien Ludvig Sandvik Aldis Grytten Nils Jørgen Hansen
Varamedlem:	Leif Kvalvik

Sekretær for styret: Kystmuseet

Revisor: Deloitte & Touche

Valnemnd: Per Grov, Leif Kvalvik og Jan Ove Hjelmås

Styret som sat fram til årsmøte hadde tre styremøter i 2015.


Viktige saker som vart var:

- Restaureringsarbeid og dialog med Riksantikvaren i samband med den vanskelege økonomiske situasjonen. Avtale med Westcon Yard om å få utført restaureringsarbeid i Florø.
- Overtaking av «Gamle Solundir» og stå som midlertidig eigar.
- Rekruttering av mannskap - der situasjonen har endra seg i positiv lei, med godt initiativ frå Atløys Vener.

Det har ikkje vore utbetalt styregodtgjersle. Det har vore betalt godtgjersle til Kystmuseet for administrasjonskostnader på kr. 58 350.

Det nye styret har hatt to styremøter i 2015 og har handsama vidare saker frå interimstyret. I tillegg har det vore eit sentralt tema knytt til restaurering av skutetidene. Der det har vist seg at den originale tjukklikeken har vore tynnare enn dei målingane som skipskontrollen har utført. Dette har ført til at fleire plater enn før er innafor akseptert tjukklikeksnivå enn tidlegare antatt.

Konsekvenser for det fylkeskommunale vedtaket om ikkje å sette av midlar til verneverdige fartøy i fylket, har også vore tema i styret.



### Hovudtala i økonomien:

I årsresultatet for 2015 vart det eit regnskapsoverskot på kr. 273 573. I 2014 var det eit regnskapsoverskot på kr. 694 522. Veteranbåtlag Atløy har eit rentefritt lån på kr. 700 000 som no er innfridd.

Inntekter	2015	2014
Leigeoppdrag	1 047 270	742 998,00
<b>Utgifter</b>		
Sum driftskostnader	1 776 699	564 379,00
<b>Lånesaldo</b>		
Atløys Venner (rentefritt lån)		700 000,00
<b>Gåver/ tilskot</b>		
Fylkeskommunen		0,00
Riksantikvaren	1 000 000	500 000,00

### Likestilling

Styret til Veteranbåtlaget Atløy har fem menn i styret.

### Drift

Foreininga Veteranbåtlaget Atløy meiner det er grunnlag for framtidig drift av båten.

### Arbeidsmiljø

Arbeidsmiljøet vert rekna som godt om bord på Atløy.


Det vert ikkje produsert utslepp eller anna som gjev miljøskader, og er ikkje regulert av konsesjonar eller miljømessige restenksjonar.

### Aktivitet

Foreininga har ingen fast tilsette.

Arbeid med å skifte stålplatene i skroget er ikkje ferdigstil, men det er tett dialog med skipskontrollen i forhold til å få godkjent fartssertifikat, parallelt med at restaureringsarbeidet på båten blir utført.

Arbeidet med å ha båten i drift samtidig som det blir utført store restaureringsarbeid, er i seg sjølv ei stor utfordring i høve drift og ved ei auking av dei totale restaureringskostnader pga større tidsbruk. Vinter 2015 låg Atløy på tørrdokk ved Westcon Yard i Florø, der klinkarbeidet var utført av folk frå Bredalsholmen Dokk og Fartøyvernssenter. Etter originale teikningar viste det seg at tjukkleiken på skrogplatene hadde vore tynnare på deler av skroget. Då denne tjukkleiken vart akseptert av Skipskontrollen, resulterte det i mindre utskifting av plater.



I arbeidet med skifting av plater i skuteseida og anna restaureringsarbeid med bl.anna gangane på hovuddekk, dører og vindaugslister, har dugnadsfolk frå Atløys Venner lagt ned eit stort arbeid som er rundt rekna til omlag 16 000 dugnadstimar i 2015.

Etter initiativ frå Riksantikvaren overtok Veteranbåtlaget Atløy eigskapet til «Fjord Viking», tidlegare «Solundir», bygd i 1972 av FSF. Målet med eigarskapet er at det skal vere midlertidig og at båten skal seljast vidare når kjøparar frå det rette miljøet vil overta båten. Det er gjort eit midlertidig fredingsvedtak på «Gamle Solundir» .

Som resultatet viser har det vore god aktivitet på leigeverksemda i 2015. Atløy gjekk til Bergen i slutten av mai og gjekk turar for Maritims Tour. Den var i Hardanger frå 26. juni til om lag 6 veker.


I perioden 06. - 09. august var Veteranbåtlaget og Atløys Venner med å arrangere Fjord Steam som gjekk av stabelen i Florø.

På hausten var det «Fjordferda» til Sogn med sal av fisk og grønnsaker.

Atløy fekk utbetalt tilskotet på kr. 500 000 som var gitt i 2013, frå Riksantikvaren. Båten fekk ikkje tilskot frå fylkeskommunen i 2014. På slutten av året opplyste fylkeskommunen si kulturavdeling om at det ikkje vart høve til å søke tilskot til fartøyvern for 2015. Gamle Solundir vart frakta frå Fosen Gjennvinning til Sagvåg og vidare til Dåfjord, der den var fortøyd for vinteropplag.


Viser elles til eiga årsmelding for venneforeininga når det gjeld drift.

  
Rolf Grønnevik

  
Alvdis Grytten Sand

  
Ludvig Sandvik

  
Nils Jørgen Hansen

  
Sander Ødelien

# VETERANBÅTLAG ATLØY

## Balanse

Noter	EIENDELER	2015	2014
	<b>Anleggsmidler</b>		
1	Skip	221 668	221 668
1	Motorer	59 000	59 000
1	Redningsutstyr		
	Andeler Bakkejekta	9 000	9 000
	Andeler Visit Fjordkysten	10 000	10 000
	<b>Sum anleggsmidler</b>	<b>299 668</b>	<b>299 668</b>
	<b>Omløpsmidler</b>		
	Andre kortsiktige fordringer		12 334
	Kortsiktige fordringer	35 153	20 598
	Kontanter, bank m.v.	1 098 873	1 083 011
	<b>Sum omløpsmidler</b>	<b>1 134 026</b>	<b>1 115 943</b>
	<b>SUM EIENDELER</b>	<b>1 433 694</b>	<b>1 415 612</b>
	<b>GJELD OG EGENKAPITAL</b>		
3	Egenkapital, bunden	354 000	354 000
3	Ubrukte midler	166 663	364 929
3	Annen egenkapital	417 152	-54 685
	<b>Sum egenkapital</b>	<b>937 815</b>	<b>664 244</b>
	<b>Kortsiktig gjeld</b>		
	Leverandørgjeld	340 868	51 368
	Lån Atløys Venner	-	700 000
	Mellomr. Solundir	155 011	-
	<b>Sum kortsiktig gjeld</b>	<b>495 879</b>	<b>751 368</b>
	<b>SUM GjELD OG EGENKAPITAL</b>	<b>1 433 694</b>	<b>1 415 612</b>

Florø, den

2016

Styret i Veteranbåtlag Atløy

*[Handwritten signature]*  
*[Handwritten signature]*  
 Aldis Gyresten Sund

*[Handwritten signature]*  
*[Handwritten signature]*